



Nils Arne Spjeld
Skurtveitvegen 63
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3063 - 15/23070

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
29.12.2015

Godkjenning- utsett arbeidsfrist SMIL-prosjekt inngjerding på gbnr. 48/5 Skurtveit

Administrativt vedtak. Saknr: 453/2015

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 26.12.2015. Meland kommune har motteke søknad frå Nils Arne Spjeld om at fristen for å gjere ferdig SMIL-tiltak som det er løyvd midlar til vert utsett. Tiltaket gjeld rydding av beite på gnr. 48 bnr. 5 på Skurtveit saknr. 12/757. Arbeidsfristen gikk ut i november 2015.

Vurdering:

Prosjektet har kome godt i gang, men en del står att. Inngjerdinga gjerast i ulendt terreng med en del berg i dagen, dette krev mykje boring og festing av stolper i stein. Dette arbeidet har vært meir omfattande enn først planlagt og har difor tatt lenger tid.

Det er søkt om utsetting med 2 år for å gjennomføra prosjektet. Det er høve til å forlenga arbeidsfristen med 2 år fram til 30.11.2015. Kommunen vurderer det slik at den grunnen som ligger bak at arbeidet ikkje er avslutta innan fristen, må aksepterast. Det er viktig at arbeidet kan slutførast, og utsett frist vert innvilga.

Vedtak

"Meland kommune gjev med dette Nils Arne Spjeld utvida frist til 30/11.2015 med å gjennomføre siste del av tiltaka som det vart løyvd pengar til i delegert vedtak, sak 12/757. Det er ingen endring

i vilkåra som gjeld for gjennomføring.

Kommunen syner i denne samanheng til vedtaket som vart fatta i delegert vedtak, sak 12/757."

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

P.b 7310

5020

BERGEN

Mottakere:

Nils Arne Spjeld

Skurtveitvegen 63 5917

ROSSLAND